

Selskapets diplomer

Det norske jord- og myrselskap utdeler diplomer som påskjønnelse til personer som har gjort seg spesielt vel fortjent innen selskapets fagområder. Det norske myrselskap og Selskapet Ny Jord hadde før sammenslutningen i 1976 hvert sitt diplom for å påskjønne ekstraordinær innsats på selskapenes arbeidsområder. Ny Jords diplom ble i hovedsak tildelt for særdeles god innsats ved bureising eller jorddyrking, mens Myrselskapets diplom ble tildelt for tilsvarende innsats vedr. torvdrift eller myr dyrking.

Etter sammenslutningen av selskapene til Det norske jord- og myrselskap, har det nye selskapet fortsatt tildelingen av Ny Jords diplom til høyt fortjente bureisere eller bruksutbyggere. Dessuten har selskapet innstiftet et nytt diplom som kan tildeles personer som har gjort seg særdeles fortjente innen

selskapets arbeidsområde i videste forstand. I forbindelse med innvotering av æresmedlemmer til selskapet har styret vedtatt å markere dette med tildeling av det nye diplom.

Det norske jord- og myrselskaps diplom ble som første tildeling overrakt til H.M. Kong Olav V på Kongens 80-års dag den 2. juli 1982. Hans Majestet har gjennom sin tid som monark vært selskapets høye beskytter og vist virksomheten betydningsfull oppmerksomhet.

Det norske jord- og myrselskap ønsker som nevnt ved tildeling av diplomer å vise honnør og takknemlighet overfor personer som fortjener dette. I 1987 er det foretatt følgende utdelinger av diplomer:

*Astrid og Odd Berge,
Høyanger kommune,
Sogn og Fjordane.*



Astrid og Odd Berge gratuleres av nestformannen i selskapet, Klara Berg.

Overrekkelsen av Ny Jords diplom til ekteparet Astrid og Odd Berge, ble foretatt av selskapets nestformann, husmor Klara Berg, under en sammenkomst den 18. juli 1987. Klara Berg uttalte følgende:

«Kjære Astrid og Odd Berge.

Hjartelig til lukke med dagen. Eg har fått det hyggelege oppdraget at eg på vegne av Det norske jord- og myrselskap skal få overrekke dykk Ny Jords diplom.

På styremøte den 16. juni vart det samrøysta slege fast at de hadde gjort dykk fortent til denne påskjønninga. Vanlegvis er det formannen i selskapet som reise og overrekke denne diplomen, men formannen, tidlegare jorddirektør Fjærvoll, hadde visse vanskar med å reise så langt på grunn av ein hofteoperasjon, så dermed fekk eg som nestformann i selskapet dette hyggelege oppdraget. Eg skulle helse så mykje frå direktør, formann og styret elles, med alle gode ynskje.

Eg har fare forbi her etter veggen og på fjorden, og sett desse gardane og alltid tenkt at her måtte det vere fint, og me kunne vel ikkje kome her ein finare dag. Det er tungt å kome til tuns på Berge, me merka ikkje så mykje til det i dag, med god veg og god bil. Det var nok annerleis før bilen sin tid. Me veit at det føl mykje slit med å bu slik. Eg har sjøl vakse opp på ein liknande gard, ein gard som låg like høgt og fritt til, og som var minst like tungdriven. Eg veit og kjenne godt til det ekstra slitet som føl med det. Når eg skulle få den ære å overrekke eit slikt diplom, så tykte eg det var ekstra gildt at eg skulle få overrekke det til nokon som har slite med slike kjende problem.

Samanlikna med andre flate og lett-

drivne bruk, og som ligg til riksveg, med alle dei fordelar, så burde vel alle slike få ei ekstra påskjønning, for ekstra arbeid, ekstra kostnad.

Ytre Berge ligg fantastisk fint til, med god utsikt over fjorden og det heile, men eg veit godt at ein kan ikkje leve av fin utsikt. I dag er det fest på Berge, alt syner seg frå si beste side, men eg veit mykje godt at fram gjennom desse åra då de har drive garden her, så har det sikkert vore mest slit, med alt som skulle gjerast på garden, og ikkje minst med alt som skulle til tuns her. Det har vore mange tunge bærer før bilen og traktoren gjorde sitt inntog.

Ny Jords diplom heng høgt, det skal det gjere. Ein skal ha gjort seg serleg fortent til denne diplomen, anten som bureisar eller ved å ha bygd ut og forbeira eit eldre bruk, som her.

Her på Berge er det eit gamalt odelsbruk, som han Odd og ho Astrid har bygt vidare på, og som dei har forbeira, lagt rutemeter til rutemeter, i alt har dei dyrka 30 mål, ikkje med gravemaskin eller med bulldosar, men med sterke og seige hender, med spade og spett. Det står respekt av slikt.

Han Odd var fødd her for 75 år sidan. Ho Astrid som er nokre år yngre, flytta ikkje så langt, ho kom frå nabogarden og visste kva ho gjekk til. Dei tok over garden i krigsåra, i 1942, og dei har drive han til dei for nokre år sidan overlet han til ein av sønene.

Det har vor skiftande kår for jordbruket i denne perioden. Dei tok over i ei tid då det å produsere mat var gjævt og trygt, og det var mange som gjerne ville vere venn med bøndene då.

De opplevde ei tid då pessimismen rådde blant bøndene. Så fekk de oppleve oppgangstider i 70 åra, då ein fekk ein ny landbrukspolitikk, det vart større for-

ståelse for dei som dreiv jordbruk. Det skjedde noke med verdisynet på dette yrket.

Det må vere godt å vite at de no har overlata dette bruket som de har streva og arbeidt fram, til ein av ungene, som sikkert har lagt ned mykje arbeid her før og, men har ikkje gått seg lei av det. Det fortel at det har ikkje vore berre slitet dei har oppleva, men og kjærleik til ættegarden, og glede ved arbeidet.

Garden vert ført vidare i slekta, til glede for dykk som skal nyte alderdommen her, og til glede for dei som har reist ut. Det har vakse opp ein stor barneflokk i denne generasjonen. Heile familien har samarbeidt. Alle har teke del i arbeidet og følt ansvar for å føre garden vidare, og i endå beire stand enn då de overtok.

Det er moro for oss, og sjølsagt endå gildare for dykk at alle kunne kome heim og vere med i ei slik feststund, og alle gler seg med dykk. Eg tykte det var rett og godt sagt det eg fann i papira her om «Nøktern planlegging». Vestlandsbonden har måtta vore nøktern. Det ligg realisme i dette med nøktern planlegging. Ein har ikkje skapt luftslott, men halde seg til det de av erfaring visste de kunne få ut av det de hadde overteke og som de hadde ansvar for. Eit stykke fedreland, ikkje av det lettaste, men som de har vyrdsla om og stelt på beste måte. «Systematisk gjennomført bruksutbygging med stor eigeninnsats». Jau, det kan me sjå, her er gjort ein stor innsats både når det gjeld planlegging og utføring. I den daglege drifta så har det heile vegen vore lagt vekt på agronomisk/biologisk tilpassing stod det. Det har ikkje slumpa i veg. De har heile tida hatt oversikt over arbeidet og rekneskapet. Blandt anna så har de delteke i driftsgranskning og i fleire år vore prøvebruks-

vertar.

Det har vore ei gjennomført planlegging med oppfyljing i praksis. De har hatt eit ope sinn for det nye som har kome til i jordbruket.

Men familien Berge har ikkje berre grave seg ned i arbeidet på garden. Sjølv om det var mykje å gjere på ein tungdriven gard, 7 born voks opp som skulle ha sitt stell ved sida av det andre. Odd Berge har gjort si samfunnsplikt elles og ved å delteke i organisasjonsarbeidet. De var mjølkeprodusentar og hadde naturlegvis interesse for meieriet. Såleis har du vore formann i Høyanger meieri. Du har vore styrelem i Bondelaget. Heile 16 år har du vore medlem av landbruksnemnda. Alle slike verv gjennom mange år har ført med seg mykje reising, og mange dagars fråvær frå garden og heimen. Nokon måtte stå for arbeidet heime i denne tida. Det har kona og ungene sytt for.

Du, Astrid, rakk nok ikkje å få det verdsett i form av deling av inntekta til likninga. Du rakk heller ikkje verken morspermisjon eller sjukepengeordning, det som bondekvinnene etter kvart har kjempa seg fram til.

Du, Astrid, er ei av dei som han Einar Hovdhaugen skildra i boka si: «Bondekvinnene gjennom dei siste hundre år». I tillegg til eit yrke, som ikkje hadde status som yrke, så var de og kulturbernarne på bygdene, og dei som har hatt ansvar for at tradisjonane vert førd vidare. Det var ikkje fritidsproblem, det forstår me. Men det har kome oss for øyra at du, Odd, til og med har fått høve til andre fritidsvirke og, som utøvar av konkurransedrett. Du har handtert trekkspellet sikkert til glede både for deg sjølv og andre.

I dag kan de sjå attende på eit rikt liv, de har som Willhelm Kragh seier, sått

brukbart frø, og kan gle dykk over at det gror i dykkars «plogjarns spor».

Det er med stor vurnad eg i dag overrekke dette diplommet til dykk. Eg håpar

de får mange gode år der de kan få glede av å sjå at arbeidet vert ført vidare her på Berge».

*Johanna og Jakob Emil Sandvik,
Karmøy i Rogaland.*

Ny Jords diplom ble overrakt under en sammenkomst hos fam. Sandvik den 28. oktober 1987.

Selskapets styreformann, tidl. jorddirektør Ottar Fjærvoll, som foretok over-

rekkelsen, berømmet Johanna og Jakob Sandvik for særdeles god innsats ved sin bureisingsvirksomhet og uttalte følgende:



*Johanna og Jakob Emil Sandvik fikk Ny Jord-diplom 29/10-87.
(form. Ottar Fjærvoll (t.h.) i Det Norske Jord- og Myrselskap.)*

«Jakob Emil Sandvik ble født 14.10.20. Han gikk i det første kull på Tomb Jordbruksskole. Han ble gift med Johanna i 1945. De har 4 barn. Johanna og Jakob Emil startet som bureisere i 1946. På bruket Spanne er der bygd våningshus, driftsbygning som senere er påbygd to ganger. Det er senere bygd sauehus og våningshus nr. to.

Fra villmark er der fulldyrket eller overflatedyrket 190 dekar. I dag står det en formidabel buskap av storfe, svin og sau på gården. Etter norske forhold er det en storgård.

Bureising er like gammel som jordbruket selv. Ei tid foregikk den største, norske bureising på prærien i Amerika. Selskapet Ny Jord ble stiftet i 1908 m.a. for å minke emigrasjonen og øke bureisingen i Norge. Siden 1949 har Statens landbruksbank innvilget bureisingslåne. Fram til 1979 var det innvilget lån til nær 1900 bureisere. Siden har bare en håndfull søkt. Da dere startet som bureisere var nydyrking enda et arbeide med spade, spett, våg, steinbukk og hest. Det var et fantastisk slit. Men et seigt folk tok opp en stor utfordring i en hard natur. De har fått sitt epos i Markens grøde og Isak på Sellanrå. I landsmålestokk er det i ettertid lett nok å innse at noen av de nye brukene hadde for lite areal, for karrig jord eller et for barskt klima. Ressursene var for små.

Bureising er helt enkelt et arbeides maratonløp der det skal noe til menneskelig å holde mål. Det kreves stor kunnskap, sunn praktisk sans, ubendig arbeidslyst og arbeidshelse og dertil stor nøyksomhet. Siden det her er snakk om et lagsarbeide er disse kravene like sterke til både mann og hustru. Det gjelder så mange og så ulike personlige egenskaper at det alltid har vært – og alltid vil være – vanskelig på forhånd å

plukke ut de som vil stå løpet ut. Men oppgaven selv – bureisingen – har alltid hatt evnen til å plukke ut de som lykkes. Glede i arbeidet er ei stor og rik glede, som er nær knyttet til dette å kunne se resultatet av arbeidet. Hedersgjestene her i dag har gjort villmark til kulturjord og bygget opp en gård som gir heim og arbeid til to familier. Det må ha vært ei rik glede å se dette vokse fram. Det er dette vi ønsker å hedre.

Ny Jords diplom tildeles jordbrukere som har innlagt seg særlig fortjeneste med nydyrking, bureising eller annen bruksutbygging. Med særlig fortjeneste forståes her at vedkommende på en mønstergyldig måte, med stor egeninnsats og god planlegging har utført en innsats langt ut over det vanlige. Det forutsettes dertil at bruket og jorda etter nydyrkingsarbeidet er blitt drevet på en fagmessig forsvarlig måte, og fortsatt drives slik.

Landbruksnemnda i Karmøy, Fylkeslandbrukskontoret i Rogaland og styret i Det norske jord- og myrselskap er alle enstemmig av den oppfatning at Johanna og Jakob Emil Sandvik virkelig har gjort seg fortjent til Ny Jords diplom. Med det ønsker selskapet å hedre arbeidets sanne adelsmenn og -kvinner».

Innsatsen på bruket er høyt vurdert både av lokale myndigheter og fylkeslandbruksmyndighetene, som også bragte hilsener og gratulasjoner i anledning påskjønnelsen.

Diplom til Jan E. Mellbye.

Under selskapets representantskapsmøte 16. juni 1987 ble gårdbruker Jan E. Mellbye enstemmig innvotert som æresmedlem av Det norske jord- og myrselskap. Samtidig overrakte selskapets styreformann, tidl. jorddirektør Ottar Fjærvoll, Det norske jord og myrselskaps diplom til Jan E. Mellbye. Tildeling av diplommet var tidligere enstemmig vedtatt av selskapets styre.

Formannens tale ved anledningen er tidligere inntatt i tidsskriftet som del av referatet fra representantskapsmøtet (hefte nr. 4/1987).

Vi vil derfor her bare begrense oss til en hjertelig gratulasjon og takk til Jan E. Mellbye, for særdeles godt samarbeid og

medvirkning i selskapets arbeid, både når det gjelder bureising og selskapets øvrige og mangesidige virksomhet. Jan E. Mellbye har fungert som styremedlem og nestformann tilsammen i 25 år. De første 15 år i Selskapet Ny Jord og etter 1976 i 10 år for det sammensluttede selskap, Det norske jord- og myrselskap.

Jan E. Mellbye har nedlagt et omfattende arbeid for selskapets virksomhet og vært en særdeles nyttig medarbeider ved de mange saker som gjennom tiden har blitt tatt opp til drøfting og gjennomføring. Vi takker derfor og gratulerer med vel fortjent heder.

Ole Lie



Gårdbruker Johan E. Mellbye overrekker Det norske jord- og myrselskaps diplom til H.M. Kongen ved 80-års jubileet i 1983.